

**Det er no laga nye informasjonskart for Husnes, Sæbøvik, Uskedalen og Rosendal sentrum.**

Karta er laga av Kvinnherad Turistinformasjon og samarbeidspartnar i Uskedalen har vore Uskedalen Utvikling.

Karta er meint for besøkjande som treng rask og nyttig informasjon om staden dei vitjar.

Dei er berre tilgjengelege elektronisk, men dei kan skrivast ut. Denne sesongen blir dei ikkje trykte opp på papir.

Dei er tilgjengelege på kommunen sine heimesider.

uskedalen.no har allereie fått den første reaksjonen på kartet for Uskedalen.

- Det er litt underleg at kyrkja i Uskedalen ikkje er merkt av, skriver ein utflytta uskedeling.